

Ikkje redd for store planar

Dei bygde den første fotballbana, det største samfunns-huset og henta kyrkje i Amerika. Folk på Sletta er ikkje redde for å satsa.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– Me var ein god gjeng ungdommar som budde i Bergen. I helger og feriar pendla me heim for å byggja fotballbane, seier Oddmund Skjelvik.

Han pratar seg gjerne varm om Sletta og folket her.

Nordlegaste grasbana

Fotballbana på Sletta vart bygd i 1954, og var den første i kommunen.

– Sletta hørte til Lindås kommune den gongen, og me hadde det største idrettsanlegget i heile kommunen. Då bana fekk grasdekke i 1965, meiner eg det var den nordlegaste grasbana i landet, seier Oddmund stolt.

Som ungdommar flest, måtte han flytta vekk frå heimegarden for å finna arbeid. Han fann det heilt naturleg å pendla heim for å jobba dugnad.

– Det var ingen som stussa på det. Det var jo her me hørde til, seier han.

Dugnadsjobben for idrettslaget vart den første i ei lang rekke.

Hogde skog for «Skogen»

Oddmund har alltid vore ein engasjert mann. Han kom inn i idrettslaget fordi han var glad i fotball.

– Eg gjekk eit år i ein bokseklubb i Bergen, men det er det ikkje mange som veit. Det er fotballen som har vore det store for meg, difor fann eg det naturleg å engasjera meg, seier han.

Då bygda skulle byggja samfunnshuset «Skogen», tok Oddmund også turen ut i terrenget. Huset vart nemleg bygd av lokalt tømmer, og jobben vart gjort på dugnad.

– Samfunnshuset opna i 1980 og var det største i sitt slag i Nordhordland, så då vart det jo litt tømmet som måtte til, flirer Oddmund.

Han var med på heile prosessen frå tømmerhogst til grunnarbeid, snekring og organisering.

– På den tida hadde eg telefonnummeret til heile bygda i hovudet fordi eg ringde rundt og kalla inn til dugnad, seier Oddmund.

Spentige planar

Kva som er årsaka til at folket på Sletta har satsa så stort, er ikkje Oddmund sikker på. Men han er glad for at folk vågar å satsa, sjølv om nokre idear kan framstå som det reinaste vanvidd. Slik var det også då ideen om å byggja opp eit utvandringscenter dukka opp.

Å riva ned ei kyrkje på eit anna kontinent, og frakta ho til ei lita bygd i Nordhordland må kunna seiast å vera over middels ambisiøst. Men Oddmund tente med det same han fekk høyra om prosjektet som Asbjørn Ystebø brann så sterkt for.

– Eg har alltid vore interessert i kultur og historie. Eg jobba i kommunen då planane dukka opp, og kom inn i prosjektet gjennom jobben. Seinare har eg halde fram med å engasjera meg i dette, seier Oddmund.

Fekk kyrkje i 1996

Bygda hadde ikkje eiga kyrkje før Emigrantkyrkja vart flytta hit.



DUGNADSVILLIG: Det meste på Sletta er bygd på dugnad. Oddmund Skjelvik har stått på for idrettslaget, bedehuset og utvandringscenteret i ei årrekke.

Kyrkja vart bygd av norske emigrantar som slo seg ned i Nord-Dakota i USA rundt 1900 og bygd opp att på Sæbø i 1996 og vigsla i 1997.

– Eg synest Utvandringscenteret passar godt her. Mange av gardsbruka her er bygde opp av dollar som utflytta slektningar sende heim. Meir enn 800.000 nordmenn utvandra til Amerika. Dette er ein viktig del av historia, seier Oddmund.

Heile bygda med

Eldsjelene bak Emigrantkyrkja opplevde stor støtte i bygda.

– Det var tydeleg at mange var glade for sjansen

til å få ei kyrkje hit. Heile bygda stilte opp, og kyrkja og gravplassen har fått ein sentral plass i bygda, seier Oddmund.

Seinare fekk kyrkja selskap av fleire sentrale byggsom fortl mykje om kvardagen til dei norske utvandrarane. Fram til no har Vestnorsk Utvandringscenter på Sletta vorte driven som ei stiftung, men i løpet av februar skal det tilsetjast ein person som skal ha ansvaret for drifta og vidareutviklinga av senteret.

– Utvandringscenteret har ein stor verdi. Eg er stolt over samholdet og engasjementet i bygda, seier Oddmund.